

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Naustdal kommune

Utval: Kontrollutval - Naustdal kommune  
Møtedato: 12.02.2014  
Møtetid: 08.30  
Stad: Kommunestyresalen  
Møtenr.: 1/2014  
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet, rådmannen er kalla inn i sakene 6-9/14, revisor i sak 7/14.  
Melding til: Ordførar (møterett), revisor (møterett) og varamedlem (varamedlem møter berre etter særskild innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 57612785 /97170064 eller eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no).

### SAKLISTE

- 01/14 Godkjenning innkalling og sakliste.
- 02/14 Skriv og meldingar.
- 03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Naustdal
- 04/14 Årsmelding 2013 for kontrollutvalet i Naustdal
- 05/14 Revisor sin eigenvurdering av ubundenskap
- 06/14 Oppfølging av revisjonsrapport, Vurdering vassverkavtalar
- 07/14 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leiing, sjukefråvær og økonomistyring, tinging.
- 08/14 Framdriftsplan – Fylkesmannen sitt tilsyn med rehabilitering i Naustdal
- 09/14 Orientering om samarbeidet mellom Naustdal kommune og Idrettsbarnehagen.
- 10/14 Oppfølgingsliste 1-2014 – Naustdal.
- 11/14 Eventuelt.

Naustdal, 06.02.2014

Randi Elvebakk Reiakvam (sign)  
- kontrollutvalsleiar -

  
Audhild Ragni Vie Alme  
SEKOM - sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	95139762 vø 57612786 vø 57612785 arva 97170064 arva		987 631 554	3705.08.32571

## 01/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
Dato: 05.02.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Naustdal	12.02.2014	01/14	Ja

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

## 02/14 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
Dato: 05.02.2014.

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Naustdal	12..02.2014	02/14	Ja

### Saksvedlegg

- SM 01-14: Rapport for 2013 frå Skatteoppkrevjaren i Naustdal kommune, datert 20.01.2014..
- SM 02-14: Brev datert 13.1.2014 frå KRYSS Revisjon til Naustdal kommune: Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald.
- SM 03-14: Brev datert 21.1.2014 frå KRYSS Revisjon til Naustdal kommune: Uttale frå leiinga - Naustdal kommune sin rekneskap for 2013.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

### Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.


### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

SM 01-14



Rapport for året 2013

# Skatteoppkrevjaren i Naustdal kommune

1.	Generelt om skatteoppkrevjaren sin verksemd.....	3
1.1.	Skatteoppkrevjarkontoret .....	3
1.1.1	Ressursar.....	3
1.1.2	Organisering.....	3
1.1.3	Ressursar og kompetanse.....	3
1.2	Internkontroll.....	4
1.3.	Vurdering av skatteinngangen.....	5
1.3.1.	Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret 2013.....	5
1.4.	Skatteutval.....	5
2.	Skatteregnskapet.....	5
2.1.	Avlegging av skatterekneskapet .....	5
2.2	Margin.....	6
2.2.1	Marginoppgjøret for 2012.....	6
3.	Innkrevjing av krav.....	6
3.1.	Restanseutviklinga.....	6
3.1.1	Total restanse og berostilte krav 2013/2012 .....	6
3.1.2	Kommentar om restansesituasjonen og utviklinga i restansar.....	7
3.1.3	Restansar eldre år .....	7
3.1.4	Kommentar om restanseoppfylginga på eldre år.....	7
3.2.	Innkrevjinga sin effektivitet.....	7
3.2.1	Vurdering av kontorets resultat per 31.12.2012.....	7
3.2.2	Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat.....	8
3.2.3	Omtale av spesielle forhold.....	8
3.2.4	Kontoret eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga.....	8
3.3.	Særnamnskompetanse.....	8
4.	Arbeidsgjevarkontroll .....	9
4.1.	Organisering av arbeidsgjevarkontrollen.....	9
4.2	Planlagde og gjennomførte kontrollar.....	9
4.3	Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen .....	9
4.4	Vurdering av aktiviteten på området arbeidsgjevarkontrollen i regnskapsåret.....	9
4.5	Samarbeid med andre kontrollaktørar.....	9
4.6	Kontorets eventuelle tiltak for betring av arbeidsgjevarkontrollen.....	9

## 1. Generelt om skatteoppkrevjaren sin verksemd

### 1.1. Skatteoppkrevjarkontoret

#### 1.1.1 Ressursar

##### Ressursfordeling

Oversikt og bruk av ressursar for kommunane Førde, Naustdal og Gaular (normalår)

	Årsverk	%-del fordelt
Tal årsverk ved SKO som berre er nytta til SKO-funksjonen i regnskapsåret	5,15	100 %
<b>Ressursbruk ved SKO, fordeling av årsverk</b>	-----	-----
Skatteregnskap	1,8	36%
Innkrevjing av skatt/arbeidsgjevaravgift	2,0	38%
Kontrollverksemd	0,85	16%
Informasjon og veilleiing overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar	0,2	4%
Skatteutval	0,0	0%
Administrasjon	0,3	6%
	<b>Sum</b>	<b>100 %</b>

#### 1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjaren sitt ansvarsområde er regulert i eigen instruks (skatteoppkrevjarinstruks) fastsatt av Skattedirektoratet 8. januar 2009. Skatteoppkrevjaren er ansvarleg for at oppgåvene som fylgjer av instruks utførast på forsvarleg måte og til rett tid. Skatteoppkrevjaren skal arbeide for å oppnå dei måla og krava som vert fastsett i styringsdialogen med overordna fagleg myndigheit Instruksjonsmyndigheit overfor skatteoppkrevjaren på instruks sitt virkeområde utøvast på regionalt nivå av skattekontoret, og på sentralt nivå av Skattedirektoratet og Finansdepartementet. Skatteoppkrevjaren må rette seg etter pålegg frå overordna fagleg myndigheit så vel generelt som i enkeltsaker. Skatteoppkrevjaren skal ved behov for råd og rettleiing kontakte skattekontoret.

Førde kommune er vertskommune for interkommunalt samarbeid om skatteoppkrevjarfunksjonen i Førde, Naustdal og Gaular, for det som er regulert under arbeidsområdet til skatteoppkrevjaren. Dette stiller strenge krav til rutinar og internkontroll.

Vi er 6 tilsette som arbeider på skatteoppkrevjarkontoret. Inklusiv den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen har vi i 2013 disponert 5,15 stillingsheimlar fordelt på dei tre kommunane. I den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen deltar også Jølster, med 15% stilling, slik at vi då totalt har hatt 5,3 stillingsheimlar på kontoret.

#### 1.1.3 Ressursar og kompetanse

Jf. Skatteoppkrevjarinstruks skal skatteoppkrevjaren sjå til at kontoret til ein kvar tid har tilstrekkeleg ressursar og kompetanse, slik at oppgåvene som omfattar instruks kan utførast på en forsvarleg, hensiktsmessig og rasjonell måte. Dersom ressursane, organiseringa eller

kompetansen ikkje er tilfredsstillande, og skatteoppkrevjaren ikkje sjølv kan rette opp i dette, skal forholda takast opp med den overordna kommunale leiinga. Fører ikkje dette fram, skal saka takast opp med skattekontoret.

Frå 7. mars har vi vore ein person mindre grunna sjukmelding, og at ein person har tatt arbeid på anna eining i kommunen. Dette har tidvis medført stor arbeidsbelastning på medarbeidarane. Det er tilsett ny person i denne stillinga frå 01.01.2014

Vi har faglig dyktige medarbeidarar på alle områder. Dei som arbeider på skatteavdelinga, har lang erfaring innafør de forskjellige områda rekneskap, innkrevjing, avrekning samt arbeidsgjevarkontroll. Vi deltar på relevante kurs og samlingar som er viktig for å halde oss oppdatert i høve regelverk for det arbeidet vi utfører.

## **1.2 Internkontroll**

Jf. Skatteoppkrevjarinstruksen skal skatteoppkrevjaren syte for at kontoret har ein tilfredsstillande intern kontroll. Formålet med den interne kontrollen er at:

- oppgåveløysinga er organisert på ein forsvarleg måte, og utførast i samsvar med gjeldane lover og regler.
- resultata er tilfredsstillande i forhold til fastsette mål og resultatkrav, og at eventuelle vesentlege avvik førebyggjast, avdekkast og korrigerast.
- ressursbruken er effektiv
- rekneskap og informasjon om resultat er påliteleg og nøyaktig
- misleghald og økonomisk kriminalitet førebyggjast og avdekkast.

Skatteoppkrevjaren skal som ein del av intern kontrollen utarbeide verksemdsplan og rutinar for kontoret si verksemd.

Det er utarbeidd nye rutinar både for innfordringsarbeidet og internkontroll. Rutinane for innfordringsarbeidet vert fortløpande endra ved behov, eller når vi ser denne kan forbeistrast. Rutinane for internkontroll vart utarbeidd i desember 2012, og vart implementert i januar 2013. Det er dei seinare åra fokusert meir på internkontroll. Skattekontoret har arrangert eigne kurs med fokus på å utarbeide eigne rutinar og betre kvaliteten på dette arbeidet. Det er viktig å avdekke feil så tidleg som mogleg for å unngå at dette får konsekvensar.

Som vedlegg til verksemdsplana vert det utarbeidd oversikt over arbeidsfordelinga. Denne vert endra ved behov. Slike endringar er ein kontinuerleg prosess, og skal til ein kvar tid vere oppdatert for å tilfredsstillast krava. Rutinane beskriv korleis dei daglege oppgåvene skal utførast, og saman med oversikt over oppgåvedeling til kvar enkelt medarbeidar, sikrar denne at oppgåvene vert utført ved avvikling av ferie, samt anna fråvær.

### 1.3. Vurdering av skatteinngangen

#### 1.3.1. Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret 2013

	2013	2012	Endring
Likvider	17 478 783	16 784 171	694 612
Skyldig skattekreditorene	-358 066	-715 025	356 959
Skyldig andre	-4 620	-76 730	72 110
Innestående margin	-17 116 094	-15 992 414	-1 123 680
Udisponert resultat	-3	-3	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Arbeidsgiveravgift	-21 268 355	-19 254 225	-2 014 131
Personlige skatteyttere	-191 793 377	-175 908 238	-15 885 139
Selskapskatt	-4 588 296	-3 322 183	-1 266 113
Renter	-407 539	-591 221	183 683
Innfordring	-6 383	-15 586	9 204
<b>Sum</b>	<b>-218 063 950</b>	<b>-199 091 453</b>	<b>-18 972 496</b>
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	21 268 355	19 254 225	2 014 130
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	54 047 456	49 719 945	4 327 511
Fordelt til Fylkeskommunen	12 389 300	11 250 696	1 138 604
Fordelt til kommunen	55 738 667	50 885 595	4 853 073
Fordelt til Staten	74 621 908	67 980 993	6 640 915
Krav som er ufordelt	0	0	1
Videresending plassering mellom kommuner	-1 737		-1 737
<b>Sum</b>	<b>218 063 950</b>	<b>199 091 453</b>	<b>18 972 496</b>
<b>Sum totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Regnskapet viser at skatteoppkrevjarkontoret har kravd inn kr. **218 063 950,-** i 2013, mot kr. **199 091 453,-** i 2012. Ei auke på kr. **18 972 496,-**

Kommunen sin del av skatteinngangen for 2013 er som regnskapet viser kr. **55 738 667,-** mot kr. **50 885 595,-** i 2012 Ei auke på kr **4 853 073,-**

#### 1.4. Skatteutval

Det har kome inn ein søknad til skatteutvalet i 2013. Saka vert ferdigbehandla i 2014

## 2. Skatteregnskapet

### 2.1. Avlegging av skatterekneskapet

#### Avlegging av skatteregnskapet

Skatteoppkrevjaren i Naustdal kommune bekreftar at skatteregnskapet i 2013 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- Det er ikkje gitt pålegg om rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegging av skatteregnskapet frå regional kontrollering for Naustdal.

Årsrekneskapen for 2013 fylgjer som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

## 2.2 Margin

### 2.2.1 Marginoppgjøret for 2012

Beskrivelse	Beløp
Innestående margin for inntektsår 2012, pr. 31.10.2013	643 166
For mye avsatt margin for inntektsår 2012	646 156
For lite avsatt margin for inntektsår 2012	

### 2.2.2 Kommentar om marginoppgjøret:

Marginoppgjøret for 2012, syner at det var kr. **646 156,-** for mykje avsett margin. Dette vart fordelt til skattekreditorane i november 2013.

Prosentats marginavsetning: 10%.

Marginavsetning for regnskapsåret 2013 pr. 31.12.2013 kr. **17 116 094,-**

Prosentats for regnskapsåret: 10%

Marginavsetning for Naustdal er tilstrekkelig til å dekke opp utbetalingar av overskytande i forbindelse med avrekning.

## 3. Innkrevjing av krav

### 3.1. Restanseutviklinga

#### 3.1.1 Total restanse og berostilte krav 2013/2012

	Restanse (forfalte debetkrav ) 2013	Herav berostilt restanse 2013	Restanse (forfalte debetkrav ) 2012	Herav berostilt restanse 2012	Endring i restanse. Reduksjon (-)	Endring i berostilte krav. Reduksjon (-)
<b>Skatteart</b>						
<b>Sum restanse pr. skatteart</b>	4 706 834	504 178	5 999 214	504 178	-1 292 380	0
Arbeidsgiveravgift inkl. avsavnsrenter	62 068	0	58 908	0	3 160	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	489 377	89 761	600 619	89 761	-111 242	0
Forskuddsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskuddsskatt person	1 194 511	0	2 689 766	0	-1 495 255	0
Forskuddstrek inkl. avsavnsrenter	63 552	0	43 066	0	20 486	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	69 316	3 680	58 179	3 680	11 137	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt inkl. avsavnsrenter, avregningsrenter og tilbakesøkingskrav	143	0	0	0	143	0

	Restskatt person inkl. avsavnsrenter, avregningsrenter og tilbakesøkningskrav	2 827 867	410 737	2 548 676	410 737	279 191	0
<b>Sum restanse diverse krav</b>		0	0	2 580	0	-2 580	0
	Diverse krav	0	0	2 580	0	-2 580	0
<b>Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav</b>		4 706 834	504 178	6 001 794	504 178	-1 294 960	0

### 3.1.2 Kommentar om restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Det har vore en reduksjon i restansane i 2013 i forhold til 2012 på kr. **1 294 960,-** Den største reduksjonen finn vi i forskotsskatt person, der reduksjonen er på kr. **1 495 255,-** For restskatt person er der ein auke på kr. **306 242,-** Noko av denne auken skuldast endring i likning for tidlegare år der utlikna skatt har gått opp i forhold til ordinær likning.

### 3.1.3 Restansar eldre år

År*	Sum restanse (debit)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2011	500 365	286 523
2010	546 419	371 109
2009	346 908	248 313
2008-19XX	1 544 797	-----

### 3.1.4 Kommentar om restanseoppfylginga på eldre år

Restansar eldre år inngår i ordinær innkrevjing, og vert sikra mot forelding.

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato tom 31.12.2013 og der er to krav på tilsaman kr. 196 227,- som er forelda i flytande dødsbu. Dette er krav som vert søkt utgiftsført i 2014.

## 3.2. Innkrevjinga sin effektivitet

### 3.2.1 Vurdering av kontorets resultat per 31.12.2012

Resultat målt mot krav i styringsdialogen gjeldande innbetaling og innkrevjing pr. 31.12.2013

Styringsparameter	Resultat pr. 31.12.13	Resultatkrav	Differanse
<b>2.2.2 Innbetalt av sum krav siste år</b>			
c) Restskatt for personlige skattytere Inntektsår 2011	91,8 %	94,0 %	
d) Forskuddstrekk Inntektsår 2012	100,0 %	99,9 %	0,1 %
e) Forskuddsskatt for personlige skattytere Inntektsår 2012	98,6 %	98,8 %	-0,2 %
f) Forskuddsskatt for <u>upersonlige</u> skattytere Inntektsår 2012	100,0 %	99,6 %	0,4 %

g) Restskatt for upersonlige skattytere Inntektsår 2011	100,0 %	99,9 %	0,1 %
h) Arbeidsgiveravgift Inntektsår 2012	99,8 %	99,9 %	-0,1 %
2.3.1 b) Innfordret Restskatt, person av sum krav til innfordring Inntektsår 2011	49,6 %	65,0 %	

### 3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Skatteoppkrevjarkontoret brukar alle tilgjengelege tiltak for å krevje inn, og få reduksjon i restansar. Sjølv om krava stort sett er nådd, må vi ha stort fokus på innkrevjinga. Vi nyttar tiltak som for eksempel, konkurs, tvangssal, og utleggstrekk i stor utstrekning, der restansane ikkje vert betalt ved forfall.

### 3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Innvilga betalingsavtalar har blitt redusert til et minimum. Dette er truleg med på å redusere restansane ein del, då det må søkjast andre løysingar for å betale skatten.

Frå 7. mars i 2013, har vi grunna sjukmelding, og at ein person har gått over til anna eining i kommunen vore underbemanna med ei stilling. Dette har resultert i at det bla. har blitt noko utsetjing av enkelte tiltak i forbindelse med innkrevjing.

Kravet til innkrevjing for Restskatt for personlige skattytarar inntektsår 2011 ikkje er nådd. Den totale restansen for denne skattearten er på kr. 499 729,- og fordelar seg over 14 skattytarar. For å nå kravet, måtte kr. 135 808,- av dette vore innbetalt. Totale krav for 2011 var på kr. 6 065 348,- Endring i likning for 2011 utgjer kr. 102 827,- i auke i restskatt, og dette er i sak vi har pågåande tvangssal. Desse sakene tar ofte lang tid, og i denne saka har det tatt spesielt lang tid. Det er uvist om den vert løyst i 2014.

Når det gjeld siste rad: 2.3.1 b) Innfordret Restskatt, er denne negativ med 15,4%. Det er kome melding frå Skatt Vest at vi ikkje skal vektlegge dette noko særleg, då det er forskjell i vurderinga ved utplukk i forbindelse med fastsetjing av krava, til rapporteringa for oppnådd krav. Ved fastsetjing av krav har ein rekna med 4-18 varsel som innfordra, medan i resultatet er ikkje krava der det er sendt 4-18 varsel med.

### 3.2.4 Kontoret eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Vi nyttar oss av DTI (debitortilpassa innkrevjing). Dette betyr at skattytarar vert rangert etter bla. tidlegare historikk, og økonomi. Innkrevjinga vert tilpassa den enkelte etter kva slags kategori ein kjem under. Dette har medført at vi har fått redusert talet på betalingsavtaler. På sikt skal dette gje betre resultat og meir tid til innkrevjing for skattytarar med dårleg økonomi, eller personar som er i kategorien vanskelegstilte. .

### 3.3. Særnamnskompetanse

Skatteoppkrevjaren nyttar seg av særnamnsmynde, og det er sendt 15 krav om utlegg i 2013, der det er halde 12 utleggsforretningar. Til samanlikning var det halde 6 utlegg i 2012. Dette syner at vi har hatt høg aktivitet.

## 4. Arbeidsgjevarkontroll

### 4.1. Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Arbeidsgjevarkontrollen er ein del av et interkommunalt samarbeid mellom Førde, Naustdal, Gaular og Jølster, der Førde er vertskommune. Der er tilsett ein person i 100% stilling. Førde skal inneha 55% av stillinga og dei andre kommunane 15% kvar.

### 4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Det er utført rekneskapskontroll i tre bedrifter i Naustdal i 2013 Dette tilsvara 4,5% av leverandørane av LTO i 2013. Kravet er 5%. Ein av kontrollane er ein såkalla avdekkingskontroll i forbindelse med opning av konkurs, og dei to andre er såkalla formalkontrollar.

### 4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

I ein av kontrollane er det utført eigenretting/kontorretting på kr. 27 225,- i inntekt. Det er ikkje avdekkja andre forhold.

### 4.4 Vurdering av aktiviteten på området arbeidsgjevarkontrollen i regnskapsåret

Det har vore bra aktivitet på arbeidsgjevarkontrollen i 2013, og vi ligg nær opp til kravet på 5%. Dette er betre enn for dei andre kommunane som er med i den interkommunale ordninga.

### 4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar


Det er ikkje halde felleskontrollar med andre kontrollaktørar i 2013, men ved behov for informasjon, vert dette innhenta frå skattekontoret.

### 4.6 Kontorets eventuelle tiltak for betring av arbeidsgjevarkontrollen

Skatteoppkrevjaren har ved gjentatt høve fått pålegg frå Regional kontrolleining om å følgje opp målkrava til arbeidsgjevarkontrollen. Også i kontrollrapport 2013/148932 har skatteoppkrevjaren fått pålegg om å sørge for tett oppfølging slik at kontrollaktivitet for framtida vert gjennomført i samsvar med målkrava.

Skatteoppkrevjaren skal jf. Skatteoppkrevjarinstruksen § 2-1 sjå til at kontoret til ein kvar tid har tilstrekkeleg ressursar. Viss ressursituasjonen er utilfredsstillande, og skatteoppkrevjaren ikkje sjølv kan rette opp i dette, skal forholdet takast opp med den overordna kommunale leiinga. Fører ikkje dette fram, skal saka takast opp med skattekontoret.

Sted/dato: Førde 20.01.2014




Evert Are Havn

**Vedlegg:** Årsrekneskapsrapport for 2013. Signert av skatteoppkrevjaren.

Årsregnskap Naustdal kommune 2013

	Valgt år	Forrige år
Likvider	17 478 783	16 784 171
Skyldig skattekreditorene	-358 066	-715 025
Skyldig andre	-4 620	-76 730
Innestående margin	-17 116 094	-15 992 414
Udisponert resultat	-3	-3
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Arbeidsqiveravgift	-21 268 355	-19 254 225
Personlige skatteyttere	-191 793 377	-175 908 238
Selskapsskatt	-4 588 296	-3 322 183
Renter	-407 539	-591 221
Innfordring	-6 383	-15 586
<b>Sum</b>	<b>-218 063 950</b>	<b>-199 091 453</b>
Fordelt til Folketrygden - arbeidsqiveravgift	21 268 355	19 254 225
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	54 047 456	49 719 945
Fordelt til Fylkeskommunen	12 389 300	11 250 696
Fordelt til kommunen	55 738 667	50 885 595
Fordelt til Staten	74 621 908	67 980 993
Krav som er ufordelt	0	0
Videresending plassering mellom kommuner	-1 737	
<b>Sum</b>	<b>218 063 950</b>	<b>199 091 453</b>
<b>Sum totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Sted/dato:Førde 20.01.2014

  
 Evert Are Havn

I 02/14



Dagleg leiar/  
Revisjonssjef: **Terje Førde**, Mobil: 99 22 92 27  
[terje.forde@kryssrevisjon.no](mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no)  
[postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no)  
Bank: 3705.08.27845  
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Naustdal kommune  
v/Rådmannen  
Postboks 43  
6806 NAUSTDAL

SM 02-14

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	\misleghaldtilsyn14/14	216	033 / 2014	13. januar 2014

### RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at *revisor skriftleg innhentar årleg* uttale frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skriftleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Naustdal Kommunestyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen

*Regionskontor for kommunane:*  
Flora, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

*Hovudkontor/regionskontor for kommunane:*  
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll  
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 27 91, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Kari Sygna, 57 61 27 89, mobil: 97 98 13 22  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88


*Regionskontor for kommunane:*  
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldst mislegheiter som kan knytast til *relasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:
  - *kva er identiteten til kommunen sine nærståande partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
  - *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærståande parter, og*
  - *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper De kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om at rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2014.

Førde, 13. januar 2014

Med helsing



Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonsjef



Kopi: Kontrollutvalet i kommunen ✓

SM 03-14

Naustdal kommune  
v/rådmannen

kopi: ordfører  
kontrollutval  
leiar rekneskap/skatt

6806 Naustdal

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
\\årsavslutning2013

Arkivkode:  
216

Journalnr.:  
001 / 2014

Dokumentdato:  
21. januar 2014

## UTTALE FRÅ LEIINGA - NAUSTDAL KOMMUNE SIN REKNESKAP FOR 2013

Revisjon etter kommunelova sine bestemmelsar skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk, jf. koml.§ 78 med tilhøyrande forskrift. Revisjon etter god kommunal revisjonsskikk skal følgje internasjonale revisjonsstandardar (ISA-er), fastsatt av International Auditing and Assurance Standards Board (IAASB).

Vi viser og til bestemmelsen i kommunelova § 23, som tydeleggjer administrasjonssjefen sitt ansvar for å føre kontroll med kommunen si verksemd. I tråd med allment aksepterte leiingsprinsipp vil ein leiar av ei verksemd måtte etablere rutinar og system for å sikre at verksemda når dei mål som er satt, samt ei forsvarleg formueforvaltning. Revisor skal som kjent skriftleg påpeike feil og manglar ved organisering av den økonomiske internkontrollen i kommunen.

Det følgjer av ISA 580 – *Skriftlege uttalelser*, at revisor må innhente føremålstenlege uttaler frå leiinga. Det må innhentast skriftlege uttaler om at leiinga meiner å ha oppfylt sitt ansvar for utarbeidinga av rekneskapen og for fullstendigheita av informasjonen som er lagt fram for revisor, samt for å underbygge anna revisjonsbevis. Vidare følgjer det av ISA 240 – *Revisors oppgåver med og plikt til å vurdere misleghald ved revisjon av rekneskaper*, at revisor må innhente skriftlege uttaler frå leiinga om sentrale spørsmål og vurderingar i forhold til misleghald. ( Sjå og vårt brev datert 13.01.2014) Etter ISA 560 – *Hendingar etter balansedagen*, har revisor og plikt til å vurdere hendingar etter utløpet av rekneskapsåret.

Dette er bakgrunnen til at vi har funne det riktig å be om ei særskilt skriftleg uttale frå kommunen si ansvarlege administrative leiing om at dei meiner å ha oppfylt sitt ansvar for utarbeiding av rekneskapen og at den, så langt leiinga kjenner til, inneheld dei opplysningar som vert krevd etter lov og god kommunal rekneskappsskikk. Vedlagt følgjer eksempel på ei slik erklæring vedkomande rekneskapen for 2013. Saman med ei oppsummering av eventuelle feil i rekneskapen som revisor har påvist og som seinare ikkje er retta, meiner revisjonen at uttalen vil vere dekkande.

Vi håpar og at kommunen si leiinga vil finne erklæringa hensiktsmessig. Med visning til punktet om hendingar etter utløpet av rekneskapsåret, er det naturleg at erklæringa dekker tidsrommet fram til og

*Regionskontor for kommunane:*  
Flora, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

*Hovudkontor/regionskontor for kommunane:*  
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll  
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 27 91, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Kari Sygna, 57612789, mobil: 97981322  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

*Regionskontor for kommunane:*  
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

med 01. april 2014, då vi etter oppsett plan skal avgje vår revisjonsberetning. Vi tillet oss derfor å be om at uttalen frå leiinga i utfylt og underskriven stand blir sendt til oss innan nemnde dato.

I samband med rekneskapsavslutninga minner vi og om at dei grunnleggande samanhengane i rekneskapskapen må vere tilstades og at kretsløp og andre sentrale samanhengar og avstemmingar skal vere gjennomført. Alle avstemmingar skal vere dokumentert.

Revisjonen er kjend med at Naustdal kommune, som del av økonomikontoret i Førde, har tinga NKRF si regnskapsmappe, som inneheld mellom anna dei nødvendig avstemmingane, og oppmodar om at denne vert nytta i årsavslutninga for 2013.

Ref. til Lov om bokføring (bokføringslova) § 11, skal det føreligge dokumentasjon for balansepostar.

Vi syner mellom anna til at det må føreligge dokumentasjon for at bokførte bundne fondsavsetningar stettar krava for å vere bundne fond. Slik vi kan sjå har Naustdal kommune per i dag bokført som bunde driftsfond (25199700) kr 7.516.898,69 og bundne investeringsfond (25599700) kr 1.907.505,18.

Vi registrerer at konto for ubrukte lånemidlar (29100001) per i dag er bokført med saldo på kr 42.961.456,-. Ubrukte lånemidlar som har stått over fleire år, bør gjennomgåast og vurderast i samband med nye låneopptak. Vi syner og til konto 29300300 med tekst «unytta lånemidlar – ikkje opptekne UTGÅR» med saldo på kr 3.465.000,00 med identisk motkonto 29999300. Vi stiller spørsmål ved kva funksjon denne balansekontoen har.

Vi syner og til KRS nr. 4 som omhandlar skille mellom drift og investering.

Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding/årsrapport (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftene sin frist for levering av årsmelding/årsrapporten for 2013 er 31. mars 2014.

Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskapskapen, som ein i samråd med revisor vel å retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato påførd (bør vere som tillegg til opprinneleg dato) og nye underskrifter.

Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet er forplikta til å skrive negativ revisjonsberetning den 15.04.14, dersom rekneskap og årsmelding/årsrapport ikkje ligg føre innan forskriftsfristane.

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2013, og vonar administrasjonen legg opp rutinar som sikrar at økonomibestemmelsane og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2013.

Førde, 21. januar 2014  
Med helsing

Terje Førde  
Revisjonssjef  
(sign.)

Kari H. Sygna  
Kari Håheim Sygna  
Kommunerevisor I  
**KEYSS REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

**Vedlegg:**

Eksempel på uttale frå leiinga/fullstendigheitserklæring til årsrekneskapskapen for 2013

**Vedlegg****Eksempel/mal for uttale frå leiinga / fullstendigheitserklæring til årsrekneskapen 2013**

Til  
KRYSS Revisjon

6800 Førde

**UTTALE FRÅ LEINGA VEDKOMANDE ÅRSREKNESKAPEN TIL NAUSTDAL  
KOMMUNE FOR 2013 – FULLSTENDIGHEITSERKLÆRING.**

Dette brevet vert sendt i samband med dykkar revisjon av rekneskapen til Naustdal kommune for året som vart avslutta 31. desember 2013, med det føremål å kunne konkludere om korvidt rekneskapen i det alt vesentlege gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Vi stadfestar etter beste evne og overtyding at:

*Rekneskap og budsjett*

- Vi har oppfylt vårt ansvar for å syte for at kommunen sin rekneskap og økonomi forvaltning er gjenstand for betryggande kontroll, herunder slik intern kontroll som vi finn naudsynt for å muliggjere utarbeiding av ein rekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil. Vi har oppfylt vårt ansvar vedkomande utarbeiding av rekneskapen i samsvar med kommunelova og forskrift om årsrekneskap og årsberetning (for kommuner og fylkskommuner), og meiner at rekneskapen gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Viktige forutsetningar som er nytta av oss ved utarbeidinga av rekneskapestimat, herunder rekneskapestimat målt til virkeleg verdi, er rimelege.
- Alle hendingar etter utløpet av rekneskapsåret som iflg god kommunal rekneskapsskikk medfører korrigering eller omtale, er korrigert og omtalt.
- Vi meiner at verknaden av ikkje korrigert feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla for rekneskapsåret. Ei liste over ikkje korrigert feilinformasjon følgjer som vedlegg.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktelsar for kommunen utover det som går fram av rekneskapen.
- Alle budsjettendringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.
- Dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak.

*Opplysningar som er gjevne:*

- Vi har gjeve revisor:
  - Tilgang til alle opplysningar, som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeidinga av rekneskapen
  - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsføremål, og
  - Ubegrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisor si vurdering er nødvendig å innhente revisjonsbevis frå.
- Alle transaksjonar er registrert og reflektert i rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultat av vår vurdering av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følge av misleghald. (vi viser til eige brev)
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle kjende tilfelle av manglande etterleving eller mistanke om manglande etterleving av lover og forskrifter som kan ha betydning for utarbeidinga av rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om identiteten til kommunen sine nærstående partar og alle forhold til nærstående partar og transaksjonar med desse som vi er kjende med.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktelser, både aktuelle og latente, og har i note til årsrekneskapen gjeve opplysning om kommun sine garantiansvar.
- (( ta eventuelt inn andre aktuelle kulepunkt ved behov ))

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over (evt henvisningar til kommentarar i særskilt vedlegg

---



---



---



---

Stad, dato

(Administrasjonssjef/rådmann)

(Økonomiansvarleg/rekneskapssjef)

## 03/14 MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I NAUSTDAL

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 02.01.2014

Utval	Dato	Saksnr	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Naustdal	12.02.2014	03/14	Ja

**Saksvedlegg:**

Forslag til møteplan.

Møteplan 2014 – Naustdal kommune

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Møteplan for kontrollutvalet i Naustdal for 2014 vert godkjent.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

## **MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I NAUSTDAL**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Møteplan for kontrollutvalet i Naustdal for 2014.

### **Saksopplysningar:**

Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor kommunen.</i>

Jf. pkt. 4: Underteikna sin sambuar er tilsett ved Fagutvikling/Koordinering i Førde kommune.

Førde, den 2. januar 2014

  
Stig Ørdal  
Forvaltningsrevisor



## 06/14 Oppfølging av revisjonsrapport: Vurdering av vassverkavtalar

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme SEKOM- sekretariat  
Dato: 06.02.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Naustdal	12.02.2014	06/14	Nei

### Saksvedlegg:

#### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Sak 39/12: Revisjonsrapport – vurdering av vassverkavtalar, handsama i kontrollutvalet 3.12.2012 .

Kommunelova.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

### Vedtak i kontrollutvalet:

Saksutgreiing

## **Oppfølging av revisjonsrapport: Vurdering av vassverkavtalar**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saka gjeld oppfølging av revisjonsrapport: Vurdering av vassverkavtalar.

### **Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet handsama sak 39/12: Revisjonsrapport – vurdering av vassverkavtalar, i møte 3.12.2013. Der det vart gjort følgjande vedtak:

- *Kommunesyret viser til rapporten "Vurdering vassverkavtalar" utarbeidd av KRYSS-revisjon, og datert 19.november. 2012.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen ta konklusjonen og innhaldet i rapporten til vitande.*

Saka vart sendt til kommunestyret i Naustdal 4.12.2012 for vidare handsaming.

Etter kontakt med rådmannen 6.2.2014 får SEKOM-sekretariatet opplyst at saka enno ikkje har vore lagt fram for handsaming i kommunestyret i Naustdal.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

**07/14: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «GJENNOMGANG AV PLEIE OG OMSORG, MED FOKUS PÅ LEIING, SJUKEFRÅVÆR OG ØKONOMISTYRING» - TINGING**

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat  
Dato: 05.02.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.02.2014	07/14	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

**Saksvedlegg**

- Utkast tingingsdokument forvaltningsrevisjonsprosjekt «Gjennomgang av pleie og omsorg, med fokus på leiing, sjukefråvær og økonomistyring»

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 026/13 og 036/13
- Kommunestyresak 43/13

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

1. Tingingsdokumentet for prosjektet – «Gjennomgang av pleie og omsorg, med fokus på leiing, sjukefråvær og økonomistyring» vert godkjent.
2. Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.
3. KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

## **FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «GJENNOMGANG AV PLEIE OG OMSORG, MED FOKUS PÅ LEIING, SJUKEFRÅVÆR OG ØKONOMISTYRING» - TINGING**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Kontrollutvalet vedtok i sak 036/13 at det skal gjennomførast følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt «Gjennomgang av pleie og omsorg, med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring». Det skal utarbeidast spesifikk tinging som skal sendast KRYSS-revisjon, som skal gjennomføre prosjektet. Tinginga må vedtakast av kontrollutvalet.

### **Saksopplysningar:**

Det vart i 2012 gjennomført overordna analyse som var grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon. I kontrollutvalsmøte 29.08.2013 i sak 026/13 "Plan for forvaltningsrevisjon – Naustdal kommune" gjorde kontrollutvalet tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon med prioritert oppsett av prosjekt.

Prioriterte område for forvaltningsrevisjon i perioden er som følgjer:

- 1. Gjennomgang av pleie og omsorg, med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring.**
- 2. Sakshandsaming, vedtak og svargjeving i sektor for Landbruk, teknikk og miljø.**

Kontrollutvalet er gjennom vedtaket til kommunestyret om planen gjeven fullmakt til å gjere omprioriteringar av framlagde plan eller setje i gong prosjekt som ikkje står på prioriteringslista.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i den 29.08.2013 i sak 26/13:

- *Kontrollutvalet startar opp arbeid med prosjektet: **Gjennomgang av pleie og omsorg, med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring.***
- *SEKOM-sekretariat utformar tinging av prosjektet som vert handsama på neste møte.*

SEKOM-sekretariat har diskutert prosjektet «Gjennomgang av pleie og omsorg, med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring», med forvaltningsrevisor i KRYSS-revisjon. KRYSS-revisjon ynskjer å diskutere problemstilling og avgrensing av prosjektet saman med kontrollutvalet før endeleg tinging. KRYSS-revisjon vil bli kalla inn til møtet for å diskutere prosjektet.

SEKOM-sekretariat har utarbeidd ein mal som vi ynskjer å nytte når vi tingar oppdrag. Sjå tingsdokumentet.

Vidare ser vi føre oss vidare sakshandsaming av forvaltningsrevisjonsprosjektet slik:

- Oversending av tinginga til KRYSS-revisjon.
- Tilbakemelding frå KRYSS-revisjon vedr. tingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå KRYSS-revisjon i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.

- Fortlaupande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå KRYSS-revisjon..
- Levering av prosjekt KRYSS-revisjon til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i Kommunestyret.
- Oppfølging av bystyret sitt vedtak eit år etter vedtak i Kommunestyret

Rådmannen er invitert til møtet i saka. Dette med tanke på å gje informasjon om evt. tiltak eller anna som er gjort inn mot dei aktuelle områda for revisjon.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Det vert vist til saksutgreiinga.

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

KRYSS-revisjon  
6800 FØRDE

Naustdal 12.02.2014

## TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - «GJENNOMGANG AV PLEIE OG OMSORG, MED FOKUS PÅ LEIING, SJUKEFRÅVÆR OG ØKONOMISTYRING»

### Prosjektnamn

Gjennomgang av pleie og omsorg, med fokus på leiing, sjukefråvær og økonomistyring.

### Bakgrunn for undersøkinga

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 og i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5. I § 9 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

I kontrollutvalsmøte 29.08.2013 i sak 26/13 Plan for forvaltningsrevisjon – Naustdal kommune gjorde kontrollutvalet tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon med prioritert oppsett av prosjekt. I kommunestyremøte 19.09.2013 i sak 043/13 «Plan for forvaltningsrevisjon» vart planen vedteken.

### Formål med undersøkinga

Dei styrande organ i Naustdal kommune ynskjer å få ein gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leiing, sjukefråvær og økonomistyring.

### Avgrensing av undersøkinga

Kontrollen skal avgrensast til .....

### Mogelege problemstillingar

•

### Økonomi

Prosjektet skal gjennomførast innanfor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør.

### Kjeldegrunnlag

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	951 39 762	Vø 57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## Rapportering

Revisor skal levere ei tilbakemelding på gjennomføringsplan med eigne detaljar vedrørende gjennomføringa snarast etter at tinginga er motteken.

Dersom planen må fråvikast, skal det snarast gjevast melding om dette.

Det vil bli innhenta status frå revisor framfor møte i kontrollutvalet inntil rapport vert levert.

Rapport skal leverast til innan .....

## Tinginga er vedteke godkjent i kontrollutvalet såleis:

Sak 08/14 12. februar 2014

Med helsing

Randi Elvebakk Reiakvam  
- Kontrollutvalsleiar -

Vidar Øvrebø  
SEKOM-sekretariat

## **08/14 Framdriftsplan - Fylkesmannen sitt tilsyn med rehabilitering i Naustdal kommune**

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 06.02.2014

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Vedtaks-organ</b>
Kontrollutvalet i Naustdal	12.02.2014	08/14	Ja

### **Saksvedlegg:**

Brev datert 19.12.2013 frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune.

E-post datert 2.1.2014 frå Naustdal kommune vedlagt Framdriftsplan – Tilsyn av Fylkesmannen i SFj.

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Sak 32/13 Skriv og meldingar, SM 18-13: Rapport frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane frå tilsyn med rehabiliteringstilbod – Naustdal kommune, datert 22.05.2013.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Framdriftsplan frå Naustdal kommune i samband med Fylkesmannen sitt tilsyn med rehabilitering i Naustdal kommune vert teke til vitande.

### **Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

## **Framdriftsplan - Fylkesmannen sitt tilsyn med rehabilitering i Naustdal kommune**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Avvik i rapport frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i samband med tilsyn med rehabilitering i Naustdal kommune.

### **Saksopplysningar:**

I kontrollutvalsmøte 18.12.2013 vart det i sak 32/10 Skriv og meldingar, SM 18-13 lagt fram Rapport frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane frå tilsyn med rehabiliteringstilbod – Naustdal kommune.

Det vart gjort følgjande vedtak: *Kontrollutvalet ber om svarbrev på avvik i rapporten frå Naustdal kommune til Fylkesmannen, jfr SM 18-13.*

Ut frå dette sende SEKOM-sekretariatet brev datert 19.12.2013 til Naustdal kommune der vi ber om å få tilsendt svarbrev innan 20. januar 2014.

Naustdal kommune sende e-post datert 2.1.2014 vedlagt Framdriftsplan – Tilsyn av Fylkesmannen i SFj.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

Naustdal kommune  
v/rådmannen  
Postboks 43  
6806 NAUSTDAL

Førde, 19.12.2013

Dykkar ref.:            Vår ref.: arva            Jnr.: 600/13            Arkiv: Naustdal

## Svarbrev på avvik i rapport frå Fylkesmannen – tilsyn med rehabilitering i Naustdal kommune

Rapport frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, oversending av endeleg rapport frå tilsyn med rehabiliteringstilbodet i Naustdal kommune, datert 22.05.2013, var lagt fram i kontrollutvalsmøte 18.12.2013 i sak 32/13 Skriv og meldingar, SM 18-13. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:

*Kontrollutvalet ber om svarbrev på avvik i rapporten, frå Naustdal kommune til Fylkesmannen, jfr. SM 18-13..*

Ber om at de sender svarbrevet til SEKOM-sekretariatet innan 20. januar 2014.

Med helsing

For kontrollutvalet i Naustdal

*Audhild Ragni Vie Alme*  
Audhild Ragni Vie Alme  
**SEKOM-sekretariat**

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva 95139762 vø 57612786 vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

I 1/14

## Sekom Postmottak

---

**Fra:** Skaflestad Kjell <Kjell.Skaflestad@naustdal.kommune.no>  
**Sendt:** 2. januar 2014 11:45  
**Til:** Sekom postmottak  
**Emne:** VS: Oppfølging av framdriftsplan  
**Vedlegg:** Framdriftsplan m. møteref..docx; Barthels ADL-indeks[1].pdf; ernæringsstatus ved innkomst.docx; flytskjema for mottak av pasientar.docx; inkomstsamtale.docx; Pasientinformasjon ved innleggelse Nas.doc; Rutiner for sykepleier ved innleggelse av ny pasient.doc; Legevisitt ved nye pasientar.doc; Mini-mentalstatus (MMSE-NR) [1].pdf; Somatisk us lege.doc

SEKOM

Eg viser til SEKOM sitt skriv datert 19.12.2013 til Naustdal kommune, ref. arva 600/13, og sender vedlagt kopi av statusrapport med vedlegg, frå seksjonsleiar Naustdal sjukeheim vedk arbeidet med lukking av avvik etter Fylkeslegen sitt tilsyn med rehabiliteringstilbodet ved Naustdal sjukeheim

venleg helsing

 **Skaflestad**  
rådgjevar - helse og omsorg  
Naustdal kommune  
[www.naustdal.kommune.no](http://www.naustdal.kommune.no)  
mobil: +47 91 18 89 90  
kontor: +47 57 81 61 22  
[kjell.skaflestad@naustdal.kommune.no](mailto:kjell.skaflestad@naustdal.kommune.no)

---

**Fra:** Solheim Ruth Tone  
**Sendt:** 27. desember 2013 12:28  
**Til:** 'fmsfbto@fylkesmannen.no'  
**Kopi:** Bang-Olsen Øyvind; Skaflestad Kjell  
**Emne:** Oppfølging av framdriftsplan

Sender vedlagt framdriftsplan m/ møtereferat. Sender i tillegg utarbeidde prosedyrar og rutinar til bruk i rehabiliteringstilbodet ved Naustdal Sjukeheim.

Til orientering er desse ikkje godkjende i Kvalitetsutvalet. Kvalitetsutvalet har endra samansetning grunna organisering innan Pleie og Omsorg. Ein har som forutsetnad at rutine/prosedyrane vert godkjende fyrst i januar 2014.

Nokon ROS-vurdering er ikkje blitt foreteken.

Med helsing

Ruth Tone Solheim  
Seksjonsleiar Naustdal Sjukeheim  
e-post: [ruth.solheim@naustdal.kommune.no](mailto:ruth.solheim@naustdal.kommune.no)

## **Framdriftsplan – Tilsyn av Fylkesmannen i SFj.**

Naustdal Kommune, Naustdal Sjukeheim, hadde i perioden 12.02.2013 – 16.05.2013 tilsyn gjennomført av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Tilsynet vart gjennomført som systemrevisjon og gjaldt område : rehabiliteringstilbod til pasientar som er overført frå spesialisthelsetenesta til sjukeheim etter hoftebrot eller hjerneslag.

### Tilsynet omfatta

- \* innhenting og handtering av nødvendig og relevant informasjon ved innlegging i sjukeheim
- \* kartlegging av behov for rehabilitering
- \* målsetting og planlegging av rehabiliteringstiltak
- \* utskriving/avslutting av rehabilitering

### Avvik

Det vart funne eitt avvik under tilsynet : *Naustdal kommune sikrar ikkje at pasientar med hoftebrot eller hjerneslag får eit forsvarleg rehabiliteringstilbod ved Naustdal Sjukeheim.*

Avvik frå myndigheitskrav:

- \* Helse- og omsorgstjenesteloven §§4-1, 3-1, 3-2, 7-1 og 7-2  
Jf. forskrift om habilitering- og rehabilitering, individuell plan og koordinator §§ 6, 16 og 18
- \* Helsepersonelloven §16
- \* Pasient- og brukerrettighetsloven §2-5
- \* Forskrift om pasientjournal §8
- \* Kvalitetsforskriften §3
- \* Internkontrollforskriften §4

### Framdrift

I første møte vil ein gjennomgå avviket, opprette ei arbeidsgruppe som utarbeidar forslag til rutinar og prosedyrar utifrå opp-punkta kommentarar i avviket. Målet med dette er at pasientane skal sikrast nødvendig og forsvarleg tilbod innan rehabilitering.

Målet for planen er også å sikre at ein har rutinar og prosedyrar som stettar krav etter gjeldande lover og forskrifter. Dette gjeld både på Systemnivå så vel som på individnivå.

Føreslegne møteplan er milepælar der ein gjennomgår status for arbeidet, tilrettelegg prosedyrer for endeleg godkjenning i Kvalitetsutvalet.

Møteplan	Sak	Ansvar	Møtereferat
19.juni 2013 kl 12.30	Gjennomgang av avvik Planlegging av vidare framdrift og planlegging av kven som bidreg med kva.	Ruth Tone	

17.september	<b>Status. Møte med arbeidsgr. :</b> C.Savland, K.Fiskå, R.Alværen, R.Tveita, E.D.Veset	<b>Ruth Tone</b>	<p>Til stades: Camilla Savland, Kristin Fiskå, Rita Alværen, Rita Tveita, Ruth solheim, Elin D.Veset (fråvær)</p> <p>Ein gjennomgjekk korleis forslag til rutinar/prosedyrar skulle lagrast slik at alle har tilgang. Arbeidsgruppa avtalte tidspunkt for arbeidsmøte.</p> <p>Ref. Ruth T. Solheim 17.09.13</p>
15.oktober	<b>Status. Kor langt er vi komt og vegen vidare</b>	<b>Ruth Tone</b>	<p>Møte 22.10.13 Til stades: Arbeidspr. og Ruth Solheim</p> <p>Forslag til inntak / inkludering av rehab.pasientar vart lagt fram og diskutert.</p> <p>Ein avtalte at ein skal avsetje 2 torsdagar (avd.møter) til gjennomgang og undervisning til øvrige personalet.</p> <p>Ref. Ruth T. Solheim 22.10.13</p>
13.november	<b>Møte med arbeidsgruppa og kvalitetsutvalet</b>		<p><b>Møte utgår.</b></p> <p><b>Undervisning til personale 21. og 28. november 2013.</b></p>
10.desember	<b>Kvalitetsutvalet. Godkjenning av rutinar og prosedyrar</b>		<p>Godkjenning av rutinar/prosedyrar utsatt til i jan.-14.</p> <p>Anni Midtbø Aase vil vere med i arbeidsgr. som representant for hj.pleiar/fagarbeidarar. Plan for vinter/vår er at rehab.teamet møtes 1-2 tirs dagar i månaden (v/behov) for å heve kompetansen på rehabilitering i alle faggrupper og at rehab.rutinane vert brukt i praksis og evaluert.</p> <p>Rehab.teamet ynskjer å få til felles undervisning saman med heimesjukepleien i løpet av mars -14.</p> <p>Neste møte i rehab.teamet 07.01.14 Tema: Lage skisse for undervisn.</p> <p>Ref. Kristin Fiskå</p>
<b>Januar Februar 2014</b>	<b>Kvalitetsutvalet.</b>		

Arbeidet skal vere slutført innan utgangen av februar 2014.

**Kvalitetsutvalet** er samansett av leiargruppa i seksjonen, avdelingsleiarane og seksjonsleiar. Avdelingsleiarane har ansvaret for kvalitetsutviklingsarbeidet på sitt nivå. Utvalet utgjer styringsgruppa for innføring av kvalitetssystemet og det vidare arbeidet. Kvalitetsutvalet er

satt til å revidere, systematisere og vidareutvikle arbeidet med eit kvalitetssystem. Utvalet sine oppgåver er

- \* godkjenning av nye rutinar og prosedyrar i seksjonen
- \* vere drøftingsorgan vedkommande prosedyrar som får innverknad for fleire fagområder.
- \* referere LUKKA avvik, handsame vanskelege avvik
- \* vere drøftingsorgan når avvik krev endringstiltak som har innverknad for fleire Fagområder
- \* vere pådrivar for fagleg utvikling, kvalitet og kompetanse i seksjonen

**Organisering.** Pleie og Omsorg er i gang med ein omorganiseringsprosess og ein tenkjer seg at ein i denne samanheng opprettar eit team innan rehabilitering. I teamet vil det vere to sjukepleiarar som vil få eit spesielt ansvar innan rehabilitering. Ein tenkjer seg at dette kan vere på plass innan desember 2013. Desse to sjukepleiarane vil også ha ei spesiell rolle med å utarbeide prosedyrar og behandlingsskjedar mtp rehabilitering.

**Opplæring.** Kommunen no fått innstallert den nyaste versjonen av Geric. Opplæring i bruken av systemet vil starte etter sommaren. Denne opplæringa skal også omfatte og stette kravet etter Forskrift om pasientjournal. I løpet av hausten er det oppstart av elektronisk dataoverføring (e-link). Dette krev at alle data i pasientjournalen er oppdatert og riktig. Opplæringsplanen innbefattar også opplæring og orientering av prosedyrar og rutinar som til ei kvar tid vert gjort gjeldande.

**Tverrfagleg samarbeid.** Kommunen har tilsett ein fysioterapeut til med oppstart i september. Denne ekstra ressursen er tenkt brukt mykje retta mot pleie og omsorg. Ein vil opprette eit tverrfagleg samarbeidsteam som skal ha faste møteplassar. Teamet vil bestå av lege, fysioterapeut og sjukepleiar. Teamet kan også tilkalle andre faginstansar der det måtte vere nødvendig.

Kvalitetsikringsarbeid er eit kontinuerleg arbeid som ein må ha kontinuerleg fokus på.

## 09/14 Orientering om samarbeidet mellom Naustdal kommune og Idrettsbarnehagen

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vic Alme. SEKOM- sekretariat  
Dato: 06.02.2014.

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Naustdal	12.02.2014	09/14	Ja

### Saksvedlegg

Brev datert 20.12.2013 frå SEKOM-sekretariat til Naustdal kommune.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Sak 039/13 Eventuelt

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Orientering om samarbeidet mellom Naustdal kommune og Idrettsbarnehagen vert teke til vitande.

### I møte:

### Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

## **Orientering om samarbeidet mellom Naustdal kommune og Idrettsbarnehagen**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Rådmann i Naustdal kommune orienterer om samarbeidet mellom Naustdal kommune og Idrettsbarnehagen.

### **Saksopplysningar:**

I kontrollutvalsmøte 18.12.2013 i sak 039/13 Eventuelt, vart det gjort følgjande vedtak:

*Kontrollutvalet ber Rådmannen v/oppvekst og kulturetaten om å orientere om samarbeidet mellom Naustdal kommune og Idrettsbarnehagen i neste møte.*

Ut frå dette sende SEKOM-sekretariatet brev datert 20.12.2013 til Naustdal kommune der vi opplyste om vedtaket og møtedato for neste møte i kontrollutvalet.

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

Naustdal kommune  
v/rådmannen  
Postboks 43  
6806 NAUSTDAL

Førde, 20.12.2013

Dykkar ref.:                      Vår ref.: arva                      Jnr.: 606/13                      Arkiv: Naustdal

## Orientering om samarbeidet mellom Naustdal kommune og Idrettsbarnehagen

Kontrollutvalet gjorde i møte 18.12.2013 følgjande vedtak i sak 39/13 Eventuelt:

*Kontrollutvalet ber rådmannen v/oppvekst og kulturretaten om å orientere om samarbeidet mellom Naustdal kommune og Idrettsbarnehagen i neste møte.*

SEKOM har i forslag til møteplan for 2014, sett opp møte i kontrollutvalet i Naustdal den 12. februar 2014 kl 8.30.

Innkalling til møte vert sendt ut omlag ei veke før møtedato.

Med helsing

For kontrollutvalet i Naustdal

*Audhild Ragni Vie Alme*  
Audhild Ragni Vie Alme  
**SEKOM-sekretariat**

---

<b>Postadresse</b>	<b>Kontoradresse</b>	<b>E-post</b>	<b>Telefon</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Org nr.</b>	<b>Bankgiro</b>
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva 95139762 vø 57612786 vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 10/14 OPPFØLGINGSLISTE 1-2014 NAUSTDAL

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 06.02.2014

Utval	Dato	Saksnr	Vedtaks-organ
Kontrollutval	10.02.2014	10/14	Ja

**Saksvedlegg:**

Oppfølgingsliste 1-2014 Naustdal.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Oppfølgingslist 1-2014 Naustdal vert teke til vitande.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 1-2014 NAUSTDAL**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet mellom anna sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 06.02 2014.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og regelmessig lagt fram for kontrollutvalet.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista. Saker på siste møte vert ståande som informasjon til etter neste møte.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 1-2014 - Naustdal.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Naustdal kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport. Saker frå førre møte vert ståande til etter neste møte til informasjon.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
06/09 Kontrollutvals-arbeid - tiltak	13.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	13.02.09 Vedtak KU - Orientering frå adm. - Tertialrapportar - Tilsynsrapport frå fylkesmannen. - Kvalitetsrapportar tilsyn med revisor. - Orientering frå revisor.
022/10 VAR-sektoren .	12.05.10	Kvalitetssikring jfr. Presisering i revisjonsmeldinga for 2009. Abonnentar som ikkje betalar pga gamal avtale.	12.05.10: Vedtak KU: - Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på arbeidet med kvalitetssikring av rutine kring etterkalkulasjon av sjølvkostområda. - Kontrollutvalet ber om å få tilsendt avtalane som har vore grunnlag for fritak eller halv avgift for vatn. - Kontrollutvalet ber om å få oversikt over storleiken på dei subsidierte vassavgiftene fordelt på dei to tidlegare vassverka. - Kontrollutvalet ber om å få admi si vurdering av korleis denne saka bør løysast og innanfor kva tidsperspektiv. -Frist for tbm 1. juni 2010.  27.05.10 Brev til Naustdal kommune. <b>Sjå sak 40/12</b>
Orientering om samhandlingsreforma i Naustdal kommune.		Aktuelt tema.	
025/10 Rekneskap og sluttrapport investeringsprosjekt og status investeringsprosjekt under arbeid.			12.05.10 Vedtak KU: - KU ber om satus over pågåande inv.prosjekt. - KU ber om at rekneskap og sluttrapport vert lagt fram for investeringsprosjekt som er avslutta. 27.05.10 s. brev til Naustdal kommune. <b>Ikkje motteke svar</b> 27.03.12 Sendt nytt brev frå KU til Naustdal kommune, <b>Ikkje motteke svar.</b> <b>Sjå sak 36/12</b>
039/10 Eventuelt	03.11.10		04.11.10 Brev til rådmann med innkalling til orientering om følgjande saker: - Oppvekst og kultur i Naustdal kommune. Luftkampmuseet – Er drift av Luftkampmuseet i tråd med kommunestyrevedtak og vedtekter?.
13/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – ”Sjølvkostberekningar VAR sektoren.”	01.06.11		01.06 .11Vedtak KU - Tingingsdokument godkjent 01.06.11 Bestilling sendt til KRYSS. 10.11.11 Motteke statusoversyn over tinga forvaltningsrevisjon. 04.09.12 E-post frå KRYSS-revisjon -

			statusoppdatering -forvaltningsrevisjonsprosjekt. <b>Sjå sak 40/12</b>
015/12 Orientering – etisk reglement i Naustdal kommune.	09.05.12		09.05.12 Vedtak i KU: - Arbeidet med etisk reglement er ikkje starta.  Kontrollutvalet tek orienteringa om etisk reglement i Naustdal kommune til vitande.
026/12 Orientering – Naustdal kommune sin eigarskap i selskap.			17.09.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet ber rådmann om ei orientering om selskap som Naustdal kommune er medeigar i på neste møte i kontrollutvalet. -Kontrollutvalet ber også om status i arbeidet med utarbeiding av eigarskapsmelding i Naustdal kommune. 20.09.12 Sendt brev til Naustdal kommune - «Orientering om Naustdal kommune sin eigarskap i selskap»
033/12 Orientering – om breibandsutbygging i Naustdal kommune	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Rådmannen si orientering om status på breibandsutbygging i Naustdal kommune vert teken til vitande.  - Kommunen har sendt skriv til grendalaga for å kartlegge flaskehalsar i breibandet i kommunen. - Kommunen vil møte Telenor for å ta opp dekning i grender som har problem med breibandsdekning.
036/12 Undersøking – investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune - Tinging	20.11.12		20.11.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tingar ei undersøking frå KRYSS-revisjon der det blir bedt om at det vert utarbeida ei oversikt over rekneskap og sluttrapportar for investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune. 20.11.12 Tinging sendt til KRYSS-revisjon.
039/12 Revisjonsrapport – Vurdering av vassverkavtalar.	03.12.12		03.12.12 Vedtak i KU: -Kommunestyret viser til rapporten ”Vurdering vassverkavtalar” utarbeidd av KRYSS-revisjon og datert 19.november. 2012. -Kommunestyret ber administrasjonen ta konklusjonen og innhaldet i rapporten til vitande. 04.12.12 Sendt til kommunestyret. <b>Oppfølging på 1. møte i 2014</b>
040/12 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren – Naustdal kommune	03.12.12		03.12.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet viser til revisjonsrapporten ”Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren” frå KRYSS-revisjon, datert 19.11.2012 og til forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak:  Kommunestyret tek rapporten til orientering, med følgjande vurdering og konklusjon:  <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunestyret merkar seg konklusjonen om at dei nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i VA samsvarar med dei tilrådingar og normer som er lagt til grunn i H-2140 ”Retningsliner for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester”.</li> </ul>

			04.12.12 Sendt til kommunestyret. 13.12.12 Vedtak i kommunestyret. <b>Oppfølging på 1. møte i 2014</b>
042/12 Orientering – Naustdal kommune sin eigarskap i selskap	03.12.12		03.12.12 Vedtak i KU: Kommunen vil utarbeide eigarskapsstrategi og eigarmelding for kommunalt eigde selskap innan 1. mai 2013.
028/13 Oppfølgingsliste 3-2013 – Naustdal.	29.08.13		29.08.13 Vedtak i KU: Oppfølgingslist 3-2013 Naustdal vert teken til vitande. - Avventar kommunestyre si handsaming av Revisjonsrapport – Vurdering av vassverkavtalar
31/13 Godkjenning innkalling og sakliste	18.12.13		Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.
32/13 Skriv og meldingar	18.12.13		Vedtak : Kontrollutvalet ber om svarbrev på avvik i rapporten frå Naustdal kommune til Fylkesmannen, jfr SM 18-13. Skriv og meldingar vert elles teke til vitande.
33/13 Orientering om sektor skule og kultur i Naustdal kommune.	18.12.13		Vedtak: Orientering om sektor skule og kultur i Naustdal kommune vert teke til vitande.
34/13 Orientering - oppfølging av arbeidet med trafikktryggingssplanen i Naustdal kommune.	18.12.13		Vedtak: Orientering om arbeidet med trafikktryggingssplanen i Naustdal kommune vert teke til vitande.
35/13 Orientering frå rådmannen om den økonomiske situasjonen i Naustdal kommune i dag	18.12.13		Vedtak: Orientering frå rådmannen om den økonomiske situasjonen i Naustdal kommune i dag vert teke til vitande.
36/13 Forvaltningsrevisjon – val av prosjekt	18.12.13		Vedtak: Kontrollutvalet startar opp arbeid med prosjektet: <b>Gjennom gang av pleie og omsorg, med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring</b> SEKOM-sekretariat utformar tinging av prosjektet som vert handsama på neste møte.
37/13 Tinging av undersøking – Investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune – Status	18.12.13		Vedtak: Kontrollutvalet ber kommunestyret pålegge administrasjonen å følgje rutinar for prosjektstyring i Naustdal kommune, slik at sluttrapport/rekneskap for investeringsprosjekt over kr 500.000 vert lagt fram for politisk handsaming innan 1.5.2014.
38/13 Oppfølgingsliste 4-2013 – Naustdal.	18.12.13		Vedtak: Oppfølgingslist 4-2013 Naustdal vert teken til vitande.
39/13 Eventuelt	18.12.13		Vedtak: Kontrollutvalet ber Rådmannen v/oppvekst og kulturetaten om å orientere om samarbeidet mellom Naustdal kommune og Idrettsbarnehagen i neste møte.

6.2.2014 vø

## 11/14 EVENTUELT

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 06.02.2014

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Vedtaks-organ</b>
Kontrollutvalet i Naustdal	12.02.2014	11/14	Ja

### Kontrollutvalet sitt vedak:

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.